

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: *Møterom 1 Hareid rådhus*
Dato: *1.6.2016*
Møte tok til *14:00*
Møte slutta *15:10*

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjort med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå .

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Eldbjørg Ertesvåg	Nestleiar	
Tove Strand	Medlem	
Øyvind Finnvik	Medlem	FRP
Else Gjerde	Leiar	

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Ottar Røyset	MEDL	H

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Marianne Overå	Ottar Røyset	FOHAR

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Steffen Urke	HaPark
Silja Øvrelid	Planleggar
Geir Egil Myklebust	Einingsleiar kommunale bygg

Else Gjerde leia møtet

5 voterande

RFU handsama PS 3/16
RFU handsama PS 4/16
RFU handsama PS 6/16
RFU handsama RS 9/16
RFU handsama PS 5/16
RFU handsama RS 10/16
RFU handsama RS 11/16



SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 3/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 4/16	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referat saker	
RS 9/16	Brev til kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	2016/231
RS 10/16	Nytt helsesenter - referat frå styringsgruppa 18.5.2016	2014/2048
RS 11/16	Referat frå synfaring vedkomande omsorgsbustadar i Herøy	
	Politiske saker	
PS 5/16	Omsorgsbustadar ved Pålhaugen, status (det vert orientering ved Silja Øvrelid)	
PS 6/16	Parkeringsautomatar i Hareid sentrum, universell utforming (det vert orientering ved Steffen Urke)	

Hareid, 26.5.2016

Else Gjerde
utvalsleiar

Anne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 3/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 4/16 Godkjenning av protokoll førre møte

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå førre møte.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.



REFERAT SAKER

RS 9/16 Brev til kommunalt råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

RS 9/16 vart handsama etter PS 6/16.

Einingsleiar Geir Egil Myklebust orienterte om inneklimaet på skulane. Han opplyste om at Hareid kommune i 2012 hadde blitt valt ut til å vere med i eit prosjekt om tilsyn av inneklima, i regi av arbeidstilsynet. Alle innsende rapportar vart godkjende.

Det har ikkje vore same tilsyn utført i barnehagane i kommunen.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.

RS 10/16 Nytt helsesenter - referat frå styringsgruppa 18.5.2016

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

RS 10/16 vart handsama etter PS 5/16.

Leiar i utvalet orienterte frå møteprotokollen frå siste møte i strategigruppa, vedkomande status på nytt helsesenter i Hareid kommune.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.

RS 11/16 Referat frå synfaring vedkomande omsorgsbustadar i Herøy



Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

Dei medlemmane av rådet som hadde vore med på synfaringa orienterte om det dei hadde sett. Der var mange gode løysingar som ikkje alltid krev så store ressursar for å få til. I tillegg hadde det vore med ein føresett i prosjektet.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.



POLITISKE SAKER

PS 5/16 Omsorgsbustadar ved Pålhaugen, status (det vert orientering ved Silja Øvrelid)

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

RS 5/16 vart handsama etter RS 9/16.

Planleggar Silja Øvrelid orienterte om status og kor langt planen var komen.

Det er fortsatt berre på planstadiet. Men rådet har sterkt ynskje om at dei får vere med i å planlegge utforminga når/ og om prosjektet startar opp.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.

PS 6/16 Parkeringsautomatar i Hareid sentrum, universell utforming (det vert orientering ved Steffen Urke)

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:

PS 6/16 vart handsama etter PS 4/16.

***Steffen Urke frå HaPark**, orienterte vedkomande manglande universell utforming for parkeringsautomatar i Hareid sentrum. Han var ikkje med i sjølve planleggingsprosessen, og måtte difor svare på vegne av styret. Han kunne opplyse at det ikkje var krav om universell utforming i henhold til lovverket då automatane vart kjøpt inn. Det vil kome nye krav til universell utforming i 2020/2021. Alle med handycapkort kan parkere gratis på alle plassar som ikkje er reservert til årskort. Det finns også alternativ til betalingsmåtar, til dømes elektronisk.*

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande



Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Else Gjerde
Leiar